



Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6680 - 14/22227

Saksbehandlar:
Ole Georg Hoaas
ole.georg.hoaas@lindas.kommune.no

Dato:
01.10.2014

PROTOKOLL

Lokal særavtale mellom Den norske legeforening, Lindås (Dnlf) og Lindås kommune (LK) om forsøksordning for lønssystem og arbeidsopplegg for legar som arbeider ved Nordhordland legevakt (NHLV) som legevaktslegar og i ØH-D- sengar. Vidareføring av avtale frå 15.08.2013.

Heimel: Hovudavtalen, del A, § 4-6

Tid / stad: 01.09.2014, Rådhuset

Frå Lindås kommune møte: Ole Georg Hoaas, Grethe Fosse

Frå DNLF møte: Steinar Hunskaar, Anne Laue

Bakgrunn:

Bakgrunnen for avtalen er auka aktivitet og nye oppgåver ved NHLV. Ikkje minst gjeld det eit ønske frå NHLV/LK om å nytte legevaktlegar i klinisk arbeid ved dei nyoppretta ØH-D sengene. Denne avtalen skal regulere vaktlegane sine løns- og arbeidstilhøve, inkludert rettar og plikter knytt til ØH-D-sengene.

§1 Tilhøve til andre avtalar

- 1.1 Denne lokale særavtalen er inngått med heimel i HA § 4-6: "Det kan inngå forsøksordningar lokalt som avviker fra sentral tariffavtale der alle berørte parter er enige om dette."
- 1.2 Avtalen bygger på sentrale avtalar mellom Staten, Den norske legeforening og KS, mellom anna SFS 2305. Avtalen kan reforhandlast i avtaleperioden der som det skjer endringar i nasjonale forskrifter eller avtalar som overstyrer denne avtalen.

OBH SAA



- 1.3 Avtalen bygger også på gjeldande avtalar mellom dei 9 kommunane i regionen om interkommunal legevakt i Nordhordland med Lindås kommune som vertskommune, og gjeldande avtale med spesialisthelsetenesta.

§ 2 Partar

- 2.1 Avtalen er inngått mellom Lindås kommune som vertskommune og hovudtillitsvald for Den norske legeforening (Dnlf) lokalt i Lindås kommune.

Hovudtillitsvald for Dnlf i Lindås kommune representerer også Dnlf i dei andre kommunane som er med i samarbeidet om Nordhordland interkommunale legevakt.

§ 3 Omfang, tidspunkt for oppstart og tidsavgrensing

- 3.1 Avtalen gjeld alle vaktlegar (dvs. legar som inngår i vaktplanen) uavhengig av tilknytingsform og tal legar på vakt. Hovudregelen at det er minst to legar på vakt utanom normalarbeidstida. Vaktene er 16.00 – 23.00 kvar dagar, 23.00 – 08.00 alle netter og 12.00 – 23.00 eller 08.00 – 20.00 laurdag og søndag. Legevaktssjefen kan styrkje beredskapen ut over dette nivå etter behov.
- 3.2 Fastlegar med avtale i NHLV-kommunane kan velje å arbeide etter Normaltariffen og dermed ikkje ha ansvar for ØH-D sengene. Eit slikt alternativ gjeld alle vakter vedkommande lege har i vaktplanen. Ein lege kan endre alternativ med melding til NHLV med tre-3 månaders frist.
- 3.3 Avtalen gjeld frå 16.09.2014 til 31.12.2015 som ei forsøksordning, og går ut utan særleg oppseiing. Partane har ein gjennomgang av korleis avtalen fungerer før 15.09.2015.

§ 4 Kva avtalen regulerer

- 4.1 Avtalen regulerer løns- og arbeidstilhøve for vaktlegane utanom normalarbeidstida.

§ 5 Vaktlegane sitt arbeids- og ansvarsområde, rettar og plikter

- 5.1 Alt arbeid skal skje etter dei prosedyrar og avtalar som er gjeldande for høvesvis legevakt og ØH-D, og etter gjeldande lover og forskrifter for å sikre forsvarlege tenester. ØH-plikta og beredskapsplikta knytt til legevakt kjem alltid først. Legevaktssjefen er leiar for begge verksemdområda og utøvar arbeidsgjevarfunksjonen.
- 5.2 Legar på vakt skal dele arbeidet likeverdige mellom seg fleksibelt, og dei skal samarbeide om oppgåvene knytt til begge verksemdområda. Legevaktssjefen kan legge føringar for korleis arbeidsdelinga skal vere. Legevaktssjefen skal i tråd med dette utarbeide arbeidsavtalar og

06H 

arbeidsomtalar for dei to legerollane, lege 1 og lege 2. Vaktplanen skal setjast opp i god tid og minst 2 månader før første vakt i planen. Ingen skal arbeide meir enn 16 timar samanhengande utan kvile, alle arbeidstilhøve medrekna. Kvilande vakt er i denne samanheng definert som kvile.

- 5.3 Legevaktsoppgåvene følgjer dei rutinar ved NHLV som tidlegare er nedfelt, og avtalen legg ikkje opp til særlege endringar i slike.
- 5.4 Arbeidsoppgåvene knytt til ØH-D-sengene er klinisk arbeid og medisinske vurderingar som ikkje kan vente til at avdelinga sine faste legar er til stades, jfr. § 5.2.
- 5.5 NHLV skal halde naudsynt utstyr og arbeidsklede for vaktlegane.
- 5.6 NHLV held legevaktbil med alt naudsynt utstyr for akuttmedisin og kommunikasjon. NHLV utformer eit opplegg for transport som er tenleg og forsvarleg, og som tek som utgangspunkt at legane ikkje skal legge ut utgifter til transport ut over dekning for eigen bil etter statens satsar.
- 5.7 Vaktlegane kan tilbydast, tilpliktaast eller be om naudsynt opplæring, trening og informasjon knytt til oppgåvene både i legevakt og ØH-D. Alle nye vaktlegar skal ha minst to fulle opplæringsvakter som blir utført på toppen av dei andre legane på vakt. NHLV kan sette fram krav om fleire opplæringsvakter etter behov. All opplæringstid er lønna.

Det vil vere trong for noko møteverksemd knytt til nye prosedyrar, driftsmøter, informasjon, medarbeidersamtalar, forbetningsarbeid og kompetanseheving.

§ 6 Økonomiske ytingar

- 6.1 I det tidsrommet avtalen gjeld, betalar kommunen ei flat brutto timeløn til legane som er omfatta av avtalen. Pasientbetaling og refusjonar er inntekt til NHLV. Vaktlegane si beredskapsgodtgjering inngår i fastløna.
- 6.2 I avtaleperioden gjeld følgjande timesatsar for kvardag 16.00 – 23.00, og helg / helgedagar 08.00 – 23.00:

- Spesialistar med relevant spesialistkompetanse* 1290,-
- Andre sjølvstendig vaktkompetente legar* 1000,-
- Ikkje sjølvstendig vaktkompetente legar 800,-
- Turnuslege i Nordhordland 550,-
- Andre legar med gjennomført turnusteneste etter avtale

(* I følgje forslag til revidert forskrift for akuttmedisin, med høyringsfrist 15.09.14)

- 6.3 Nattarbeid 23.00 – 08.00 for lege 1: Ein nyttar satsane i SFS 2305.

064 SM

Nattarbeid 23.00 – 08.00 for lege 2: Aktiv arbeidstid fram til kl. 01.00. Deretter kvilande vakt fram til kl. 08.00. Lønn for nattevakta 23.00-08.00 er sett til kr. 3.500,- pr. natt. Hvis vakta blir aktiv gjeld timesatsane i SFS 2305. Det blir da betalt for kvar påbegynte halvtime frå tidspunktet den aktiv vakta startar.

Dersom lege 2 i tillegg er bakvakt for turnuslege / lege som ikkje er vaktkompetent, får legen utbetalt tryggleikstillegg for dette etter sentralt forhandla satsar.

- 6.4 Vakansvakter som vert varsla mindre enn 48 timar på førehand får eit tillegg på 50 %. For nattevakter gjeld det at vakansvakter som blir varsla mindre enn 4 virkedagar før vakt får eit tillegg på 25 % (jf. SFS 2305).
- 6.5 For avtalt opplæring, møteverksemd, utviklingsarbeid, kompetanseheving og anna arbeid som går inn under pkt. 5.7 gjeld ei timeløn på 75 % av dei same timesatsane som i pkt. 6.2. Timesatsen vert betalt for brukt tid per starta time programmet/aktiviteten varer. For næringsdrivande vaktlegar frå Nordhordland vert det ved aktivitetar som varer minst ein halv dag (føremiddag, ettermiddag eller heil dag) gitt praksiskompensasjon etter Dnlf sine satsar for halv eller heil dag.

§ 7 Utvikling / evaluering

- 7.1 Erfaringane frå forsøksperioden skal evaluerast.


ISDALSTØ 01.09.2014

For Lindås kommune


Ole Georg Hgaas

Forhandlingsleiar, Lindås kommune

For Den norske legeforening, Lindås


Steinar Hunskår

Hovudtillitsvald Dnlf, Lindås